

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 115/2011

2011/EØS/70/05

av 21. oktober 2011

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve) og
vedlegg II (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2011 av 1. april 2011⁽¹⁾.
- 2) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 95/2011 av 30. september 2011⁽²⁾.
- 3) Kommisjonsforordning (EU) nr. 304/2010 av 9. april 2010 om endring av vedlegg II til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 396/2005 med hensyn til grenseverdier for rester av 2-fenylfenol i eller på visse produkter⁽³⁾ skal takast inn avtala.
- 4) Kommisjonsforordning (EU) nr. 375/2010 av 3. mai 2010 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som ikkje viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn⁽⁴⁾ skal takast inn avtala.
- 5) Kommisjonsforordning (EU) nr. 376/2010 av 3. mai 2010 om endring av forordning (EF) nr. 983/2009 om godkjenning og avslag på godkjenning av visse helsepåstandar om næringsmiddel som viser til redusert sjukdomsrisiko og barns utvikling og helse⁽⁵⁾ skal takast inn avtala.
- 6) Kommisjonsforordning (EU) nr. 382/2010 av 5. mai 2010 om avslag på godkjenning av visse andre helsepåstandar om næringsmiddel enn dei som viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn⁽⁶⁾ skal takast inn avtala.
- 7) Kommisjonsforordning (EU) nr. 383/2010 av 5. mai 2010 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som ikkje viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn⁽⁷⁾ skal takast inn avtala.
- 8) Kommisjonsforordning (EU) nr. 384/2010 av 5. mai 2010 om godkjenning og avslag på godkjenning av visse helsepåstandar om næringsmiddel som viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn⁽⁸⁾ skal takast inn avtala.
- 9) Kommisjonsavgjerd 2010/169/EU av 19. mars 2010 om ikkje å føre opp 2,4,4'-triklor-2'-hydroksydifenyleter på EU-lista over tilsetjingsstoff som kan nyttast i framstillinga av plastmateriale og -føremål som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, i samsvar med direktiv 2002/72/EF⁽⁹⁾ skal takast inn avtala.
- 10) Kommisjonsavgjerd 2010/172/EU av 22. mars 2010 om endring av vedtak 2002/840/EF om lista over anlegg i tredjestatar som er godkjende for stråling av næringsmiddel⁽¹⁰⁾ skal takast inn avtala.

⁽¹⁾ TEU L 171 av 30.6.2011, s. 5, og EØS-tillegget til TEU nr. 37 av 30.6.2011, s. 6.

⁽²⁾ TEU L 318 av 1.12.2011, s. 32, og EØS-tillegget til TEU nr. 65 av 1.12.2011, s. 3.

⁽³⁾ TEU L 94 av 15.4.2010, s. 1.

⁽⁴⁾ TEU L 111 av 4.5.2010, s. 1.

⁽⁵⁾ TEU L 111 av 4.5.2010, s. 3.

⁽⁶⁾ TEU L 113 av 6.5.2010, s. 1.

⁽⁷⁾ TEU L 113 av 6.5.2010, s. 4.

⁽⁸⁾ TEU L 113 av 6.5.2010, s. 6.

⁽⁹⁾ TEU L 75 av 23.3.2010, s. 25.

⁽¹⁰⁾ TEU L 75 av 23.3.2010, s. 33.

11) Kommissjonsrekommandasjon 2010/161/EU av 17. mars 2010 om overvaking av perfluoroalkylerte stoff i næringsmiddel⁽¹⁾ skal takast inn avtala.

12) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I til avtala kapittel II nr. 40 (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 396/2005) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32010 R 0304:** Kommissjonsforordning (EU) nr. 304/2010 av 9. april 2010 (EUT L 94 av 15.4.2010, s. 1).”

Artikkel 2

I vedlegg II til avtala kapittel XII vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 54zze (kommisjonsvedtak 2002/840/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32010 R 0172:** Kommissjonsvedtak 2010/172/EU av 22. mars 2010 (EUT L 75 av 23.3.2010, s. 33).”

2. I nr. 54zzy (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 396/2005) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32010 R 0304:** Kommissjonsforordning (EU) nr. 304/2010 av 9. april 2010 (EUT L 94 av 15.4.2010, s. 1).”

3. I nr. 54zzzzzb (kommisjonsforordning (EF) nr. 983/2009) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32010 R 0376:** Kommissjonsforordning (EU) nr. 376/2010 av 3. mai 2010 (EUT L 111 av 4.5.2010, s. 3).”

4. Etter nr. 54zzzzzg (kommisjonsforordning (EF) nr. 1168/2009) skal nye nr. 54zzzzzh–54zzzzzl lyde:

”54zzzzzh. **32010 R 0375:** Kommissjonsforordning (EU) nr. 375/2010 av 3. mai 2010 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som ikkje viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn (EUT L 111 av 4.5.2010, s. 1).

54zzzzzi. **32010 R 0382:** Kommissjonsforordning (EU) nr. 382/2010 av 5. mai 2010 om avslag på godkjenning av visse andre helsepåstandar om næringsmiddel enn dei som viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn (EUT L 113 av 6.5.2010, s. 1).

54zzzzzj. **32010 R 0383:** Kommissjonsforordning (EU) nr. 383/2010 av 5. mai 2010 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som ikkje viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn (EUT L 113 av 6.5.2010, s. 4).

54zzzzzk. **32010 R 0384:** Kommissjonsforordning (EU) nr. 384/2010 av 5. mai 2010 om godkjenning og avslag på godkjenning av visse helsepåstandar om næringsmiddel som viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn (EUT L 113 av 6.5.2010, s. 6).

54zzzzzl. **32010 D 0169:** Kommissjonsavgjerd 2010/169/EU av 19. mars 2010 om ikkje å føre opp 2,4,4'-triklor-2'-hydroksydifenyleter på EU-lista over tilsetjingsstoff som kan nyttast i framstillinga av plastmateriale og -føremål som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, i samsvar med direktiv 2002/72/EF (EUT L 75 av 23.3.2010, s. 25).”

⁽¹⁾ TEU L 68 av 18.3.2010, s. 22.

5. Etter nr. 66 (kommisjonsrekommendasjon 2010/307/EU) skal nytt nr. 67 lyde:

”67. **32010 H 0161:** Kommisjonsrekommendasjon 2010/161/EU av 17. mars 2010 om overvaking av perfluoroalkylerte stoff i næringsmiddel (EUT L 68 av 18.3.2010, s. 22).”

Artikkel 3

Teksta til forordning (EU) nr. 304/2010, 375/2010, 376/2010, 382/2010, 383/2010 og 384/2010, avgjerd 2010/169/EU og 2010/172/EU og rekommandasjon 2010/161/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. november 2011, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 21. oktober 2011.

For EØS-komiteen

Kurt Jäger

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.